

Julegudsteneste for barnehagen og skulen.

Fredag 18. desember er det julegudsteneste i "Emigrantkyrkja" kl. 8.15

- både for Austebygd barnehage og Austebygd skule.

Elevane startar skuledagen i Emigrantkyrkja og møter difor opp der om morgonen.

Gudstenesta begynner kl. 08.15, og då må alle elevane vera på plass inne i kyrkja.

Foreldre som ønskjer å vera med på julegudstenesta er hjarteleg velkomne til det!

I Opplæringslova står det:

§ 2-3a. Fritak frå aktivitetar m.m. i opplæringa

....Elevar skal etter skriftleg melding frå foreldra få fritak frå dei delar av undervisninga ved den enkelte skulen som dei ut frå eigen religion eller eige livssyn opplever som utøving av ein annan religion eller tilslutning til eit anna livssyn, eller som dei på same grunnlag opplever som støytande eller krenkjande. Det er ikkje nødvendig å grunngi melding om fritak etter første punktum....

Som følgje av dette:

Elevar som ikkje skal delta på gudsteneste denne skuledagen, må ha med skriftleg melding om dette. Desse elevane får andre oppgåver på skulen i staden.

Meldinga skal rettast til rektor og leverast seinast fredag 11/12.

Etter gudstenesta skal alle tilbake til skulen/barnehagen. Dersom det er foreldre som har høve til å vera med å køyra, er me takksame for det!

**Me vil takka alle foreldra for godt samarbeid
i året som er gått og ønskjer alle
EI RIKTIG GOD JUL OG EIT GODT NYTTTÅR!**

Venleg helsing

alle tilsette på skulen